



Andrea Hjelmeland saman med eliteløparen Chris Jespersen

I går vart Haukelirennet 2015 avvikla, og der stilte eit godt knippe uskedelingar til start saman med kjente elitenamn som Astrid U. Jakobsen, Ragnhild Haga, Chris Jespersen og Sjur Røthe. I fint ver, og med gode forhold vart rennet ei flott oppleving for alle som var med. Til saman var det rundt 1000 deltakarar.

Haukelirennet har start på Vågslid, for dei som går lengste løypa er lenga 32 km. I tillegg er det ulike løypelengder tilpassa form og alder. Dei fleste uskedelingane deltok i trimrennet. Gørill S. Eik, som har gått fleire turren i vinter, gjennomførte 32 km, og ho fortel om nydelege løyper, flott ver og gode forhold på alle måtar.

- Det er eit kjempekjekt renn, og det er veldig godt tilpassa barna, seier ho.

Dei andre uskedelingane som deltok i trimrennet var Espen Eik, Steinar, Cathrine og Pål Ingmar Haugland og Arvid Hjelmeland.

For dei yngste vart det arrangert Vennerenn. Det vart litt av ei oppleving for Malena Hjelmeland! Her stilte dei unge side om side med eliteløparane, og Malena opplevde å spurta side om side med verdsmeister Astrid U. Jakobsen mot mål. Den spurten gløymer ho nok aldri!

Andrea Hjelmeland og Solveig Haugland starta også side om side med eliteløparane som gjorde det skarpt i

VM. Dei deltok i ungdomsrennet som går over 12 km, medan eliteløparane deltok i konkurranseklassen for senior der løypa altså er 32km. Astrid U. Jakobsen vann kvinneklassen føre 'årets store nykommar' Ragnhild Haga, medan Chris Jespersen gjekk så vidt seirande ut av kammeratduellen med Sjur Røthe i herreklassen. Henrik Bauge frå RT fekk ei fin plassering i sin klasse.

Dette må vera ein kjekk avslutning på ein god langrennssesong.



Astrid U. Jakobsen trivdest godt i løypene på Haukeli saman med Andrea og dei andre uskedelingane.
Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Janne Hjelmeland